

Prosjekt Bryggen Årsmelding 2010



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



BERGEN KOMMUNE



Prosjekt Bryggen - Årsmelding 2010

Prosjekt Bryggen er eit i hovudsak statleg finansiert, langsiktig istandsettingsprogram for verdsarvstaden Bryggen, i samarbeid mellom eigarane på Bryggen, Riksantikvaren, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune.

Fordeling og oppfølging av budsjettpostane i 2010 blei gjort av Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune. Prosjektleiarsvaret for Prosjekt Bryggen er lagt til fylkeskommunen, men ein har det siste året vald å ha ei tydelegare fordeling mellom Riksantikvaren og fylkeskommunen når det gjeld oppfølging av dei einskilde delprosjekta som inngår i Prosjekt Bryggen: Fylkeskommunen har ansvar for fordeling av tilskotsmidlane frå Riksantikvaren, midlar som i hovudsak blir nytta til istandsetting (PB-100) og til sikring og prosjektering (PB-200). Midlar til fellesoppgåvene (PB-500), og til administrasjon (PB-800), går delvis via fylkeskommunen og delvis direkte frå Riksantikvaren. Resten av prosjektmidlane blir administrert frå Riksantikvaren. I samsvar med denne fordelinga blei det i 2010 innført ei ny inndeling av budsjettpostane.

Årsmeldinga for 2010 er den første felles årsmeldinga for alle delprosjekta i Prosjekt Bryggen. Teksten er sett saman med bidrag frå restaureringsarkitektane og delprosjektleiarane.

PB-100 Istandsetting

Utbetalt tilskot: kr. 9.525.000,-

Hordaland fylkeskommune fordelte midlane under PB-100

PB-102 Holmedalsgården 8a og 8b

PB-103 Holmedalsgården 8a og 8b, brannsikring isb istandsetting

- Delprosjekt byrja: 2004
- Delprosjekt planlagt avslutta: 2012
- Eigar og tiltakshavar: Stiftelsen Bryggen
- Utførande: Stiftelsen Bryggen

Bygning 8a

Askeladden-ID 87138-1. PB-102.1 og PB-102.1

Store delar av reparasjonen av tømmerkassen i første etasje blei ferdigstilt i 2010:

- Det meste av langveggen mot dråpefallet, bortsett frå i det bakerste rommet.
- Nedre del av veggen mot svalgangen, inkl. eit stort parti i det midtre rommet som var skåren ut.
- Den lafta skiljeveggen mellom andre og tredje rom som var skåren ut i heilskap er under opplifting og manglar berre om lag 5 omfar på fullføring.
- Bakveggen i det bakre rommet inkl. hjørnet mot søraust og sør.

Det som står att i første etasje, når dei manglande delane som er nemnt her er på plass, er reparasjon av tømmerkassen rundt fronten mot fortauet. Når reparasjonen av tømmerkassen i første etasje er avslutta vil stolpar og svillar i svalgangen i første etasje bli reparert. Ein del hovuddragarar oppunder himlingen i første etasje må òg fornyast. Overalt er det sett av rom til nedsenking av bygningen med 13 cm.

I januar 2010 gjennomførte NIKU ei fargeundersøking av fasaden mot gata saman med dei eldre vindaugsrammene som var bevart. Undersøkinga stadfesta at rammene truleg er frå den første

generasjonen empirevindaugene frå kring 1850 til 1944. Desse vindaugsrammene er handlaga. Det er gitt godkjenning for ei tilbakeføring av vindauga til denne generasjonen vinduer, i staden for å reparere og bevare dei eksisterande vindauga med isolerglass.

Arbeidet med førindustriell produksjon av vindauga i andre og tredje etasje samt loft er starta opp. Alle beslag til dei handlaga vindauga må lagast for hand av ein smed. I same periode har tiltakshavar drive produksjon av fleire 1700-talls vindaugene. Det har vore naudsynt å lage ein del produksjonsutstyr som egne profil- og falshøvlar, samt ein eigen liten ”vindus-høvelbenk” som var i bruk til dette føremålet.

Bygning 8b

Askeladden-ID 87138-4. PB-102.2 og PB-103.2

Tømmerkassen inklusive bolverket med platting var ferdig reparert i 2009 og bygningen var satt ned på plattingen. I første etasje låg det fleire lag med gamle golv oppå plattingen, under en påstaup i betong. Ein valde å leggje attende golv nummer ein nedanfrå (rekna frå plattformgolvet), som var eit gammalt skrubbhøvla plankegolv med relativt høgt saltinnhald. Om lag 1/3 av golvborda var i såpass god stand at dei var tekne vare på. Desse blei lagt ned og nye saltimpregnerte bord blei tilarbeida på staden og lagt ned.

I 2010 starta arbeidet med å reparere bakveggen i andre etasje inklusive opplengjerar. Heile liftjiggen i bygning 8b blei demontert og løfta ut. Opplengjarane på bakveggen i første etasje blei reparert. Deretter blei råte- og brannskadd lafteplank i tømmerkassen i andre etasje som det var naudsynt å fornye skore ut av veggane. For å kunne arbeide med bakveggen var det naudsynt å demontere fellessløyss og tekking i nedre del av takflata. Deretter blei det montert ein mellombels dragar oppunder hanebjelkane og eit ”oppløft” på takflata tekka med gjennomsikttige takplater i plast.

I store parti var om lag halvparten av tjukkleiken på tømmerplanken forkulla av brannen i 1958. Det blei brukt same teknikk ved innskjøting av ny lafteplank her som elles på Bryggen. Lafteplanken er skanta ut av sagskoren plank med om lag 1 cm overmål på kvar side og deretter lafta inn i veggen på vanleg måte. I austveggen blei det gjennomført ei meir selektiv utskifting sidan brannskadane var mindre og stort sett i øvre del av veggen.

Loftsgolvet blei merka og demontert. Loftsbjelkane blei skjøtt ut for råteskadar med ein tradisjonell flatelask og bruk av smidde, store spikar med mothakar. Nokre stader blei heile loftsbjelkar skifta for å sikre ei god statisk forbinding mellom langveggane i bygningen.

Tredje etasje og loftet blei så brannskadd i 1958 at etasjane blei reve. På golvet i tredje etasje blei det bygd ein provisorisk takkonstruksjon. Den nye sperreramma ute ved raftet var i 4x5” skurlast og var retta av med ulike materialar ned på overkant av tverrbjelkar. Ramma var festa inn med kraftige 8” spiker og med bindhakar ned på tverrbjelkane for å ta utspenningen frå sperrene. Heile takkonstruksjonen reknast likevel som freda og blir reparert med dei materialane og dei teknikkane som var brukt.

Sperre-endene og sperreramma var råteskadd og måtte fornyast. Sperre-endene blei skjøtt ut ved pålasking på begge sider.

Det er utført diverse omlegging av sprinklaranlegget i første etasje. I tillegg har det vore naudsynt å tappe anlegget ned og utføre reparasjonar etter at det hadde gått vann på etter frostsprenging på grunn av kondensvatn i røyra.

PB-104 Svensgården, bygning 4a - d og 5a - c

PB-105 Svensgården, bygning 4a - d og 5a- c, brannsikring isb istandsetting

- Delprosjekt byrja: 2006
- Delprosjekt planlagt avslutta: Ikkje endeleg avklart¹
- Eigar og tiltakshavar: Vats AS, under Olav Thon Gruppen AS
- Prosjektarkitekt: Elin Thorsnes arkitektkontor as
- Utførande: Laft & Bygg AS

Arbeida i Svensgården blei ved byggestart delt i tre hovudfasar: Fase 1, dokumentasjon, starta våren 2006 og går kontinuerleg. Fase 2, restaureringsarbeid uansett bruk, starta sommaren 2006. Fase 3, istandsetting / opprusting til vald bruk, er ikkje påbyrja.

Bygning 4a

Askeladden-ID 87166-1. PB-104.1 og PB-105.1

Bygning 4A var ved prosjektstart i 2006 slått saman med bygning 4b og 4c i første etasje. Bygningane er no skilt frå kvarandre att og kvar bygning blir restaurert isolert frå nabobygningane, som sjølvstendige konstruktive einingar.

Kneveggar loft blei fjerna våren 2010 etter oppfordring i rapport frå PG-kontroll sprinklar. I samband med sprinklarprosjektet blei det hausten 2010 utført noko rivearbeid i tredje etasje og på loftet.

Bygning 4b

Askeladden-ID 87166-2. PB-104.2 og PB-105.2

Ved halvårsskiftet sommaren 2010 var rive- og gravearbeida fullførte og gjenoppbygginga av fundamenta var sett i gong. Grunnen var avretta med ei enkel steinsetting (tørrmur), fylt opp med grus på fiberduk til nivå botn bolverk. Underste lag bolverk var delvis på plass før sommarferien.

Hausten 2010 blei det utført følgjande arbeid: Nytt bolverk i rom 101, to lag salta bolverk pluss topplag av ikkje salta golvbjelkar. Ny golvplank i rom 101, skrubbhøvla, lagt inn mot første omfar (førstestokkar) i laftevegg V2 og V4 ut under første omfar (andrestokkar) vegg VI og vegg V3. Gjenopplifting av rom 101 med gjenbruk av så mykje gammal laft som mogleg.

Bygning 4c

Askeladden-ID 87166-3. PB-104.3 og PB-105.3

Bygningen blei nesten ferdig sett i stand som ”skalbygning” i 2009. Første etasje brukast til verkstad for tømrrarane. Andre etasje og loftet står tomt. Vindauga er framleis under restaurering/ fornying.

Utvendig mot Enhjørningen blei bygningen trekketta, isolert, plata og kledd med okermalt høvla ytterkledning.

Det blei jobba noko med nye vindauga til rom 201.

¹ Tre av bygningane, bygning 4b, 4c og 5b, vil i løpet av 2011 gjerast ferdig som skalbygning på fundament. Med skalbygning meiner ein tak, vindehjul, lafta tømmerveggar, værskydd, vindauga, labankdørar, plankegolv og bolverk før ei istandsetting til kommersiell bruk. På bygning 4d gjenstår det berre mindre arbeid.

Bygning 4d

Askeladden-ID 87166-4. PB-104.4 og PB-105.4

Ved årsskiftet 2009/2010 var konstruksjonane i bygningen ferdig restaurert og delvis fornya. Bygningens første etasje brukast no som materiallager. Andre etasje og loftet står tomt.

Utvendig mot Enhjørningen blei bygningen trekketta, isolert, plata og kledd med okermalt høvla ytterkledning.

Bygning 5a

Askeladden-ID 87166-9. PB-104.5 og PB-105.5

Bygningen var tidligare slått saman med bygning 5b i første etasje. Loftet, med innreiing frå kring 1979, brukast framleis til spiserom og møterom for byggeplassen.

I samband med byggearbeida på bygning 5b er no bygning 5a skilt frå 5b.

Kneveggar loft blei fjerna våren 2010 etter tilråding i rapport frå FG-kontroll.

Bygning 5b

Askeladden-ID 87166-10. PB-104.6 og PB-105.6

Våren 2010 blei bygningen skilt frå nabobygningane 5a og 5c.

Takarbeid er utført. Mot Hjortegården er alle bjelkeendar og sperreendar reparert. Takkonstruksjonen og loftsbjelkelaget er jekka opp for frigjering og tilkomst topp laftevegg V4 i rom 301 og 302.

Reparasjonar av råteskadd laft i vegg V4 og delar av VI i rom 5a301.

Oppretting av store "svankar" i lafta i vegg VI og V4 i rom 301 og 201 med nye opplengjarar på begge sider av lafteveggane.

Diverse avstivingsarbeid ute i dråpefallet mot Hjortegården og fjerning av tidligare provisoriske avstivingar inne i rom 101 og 102.

Dokumentasjon og utgraving av grunnen under bygningen, fjerning av nedre lag golvbord, knust glas og om lag 3 lag bolverk ned til plant og fast lag på om lag kote +100 / +105 cm NN54. Samarbeid med NIKU.

Bygning 5c

Askeladden-ID 87166-11. PB-104.7 og PB-105.7

Delvis dokumentert og reinska for nyare innreiing, kledningar med meir i andre og tredje etasje i 2006-2009. Loftet er ikkje reinska. I første etasje brukast rom 101 og 102 som byggeplasstolett, garderobe, verktøyrom med meir. Rom 103 er no teken i bruk til lager og verktøyrom for byggeplassen.

Ingen arbeider blei utført på bygningen våren 2010.

I samband med sprinklararbeid i desember blei diverse nyare gipsplater og isolasjon med meir fjerna i rom 301 og 303.

Reparasjon og fornying av vindauge, fleire bygningar

Vindaugsprosjektet blei stilt på vent hausten 2010. For ferdigstilling står det att bestilling og leveranse av diverse smidde beslag samt kjøp av rett type vindaugsglas. Det blei gjort ein del undersøkingar

vedkomande framskaffing av gamal type glas hausten 2010. For dei vindauga som no er til reparasjon/ fornying vil truleg glas av type taffelglas frå perioden etter kring 1870 passe.

Dråpefall og trerenner, fleire bygningar

Handtering av vatn i dråpefallet mellom Svensgården og Enhjørningsgården blei første gang tema hausten 2009. Ønsket var å rekonstruere ei tradisjonell "brygge-trerenna", men det har vore vanskeleg å finne eksemplar på slike. Etter ei synfaring med NIKU i september 2010 blei konklusjonen å bruke "sunn fornuft". Resultatet blei bruk av standard sagde ca 1'' furubord og horisontale kantbord kilt inn mot eksisterande steinsettingar, bolverk med meir og delvis ved bruk av vertikale kiler. Under trerenna, i botn dråpefall blei det lagt fiberduk pluss litt avretting med grus. Resultatet var nedslåande. Alt overflatevatnet fant sine eigne vegar under rennebotnen, og det vatnet som kom inn i renna rant fort ut att i bordskjøtane. Trerenna blei seint på hausten impregnert med trebek for å tette glipene. Om renna no vil fungere betre gjenstår å sjå. Sjå elles anna omtale under PB-304.

PB-105 Justering av sprinklaranlegget i samband med istandsetting, fleire bygningar

Blant anna gjennomgang av sprinklaranlegget etter diverse påpekte feil og manglar i FG-rapport hausten 2010. Det blei laga ei liste over arbeid som kan gjerast av tømrrar og arbeid som må gjerast av sprinklarfirmaet Tore Eide as. Mesteparten av dei tømrrarrelaterte justeringsarbeida blei utført før årsskiftet, mellom anna ein del rivearbeid som er omtalt under dei einskilde bygningane.

**PB 200 Sikring og prosjektering
Utbetalt og øyremerka tilskot: kr. 3.552.000,-**

Hordaland fylkeskommune fordelte midlane under PB-200

PB-201 Sikring Bredsgården, bygning 1-2a, 2a og 2b

- Eigarar: Stiftelsen Bryggen (2a) og Margrethe Storheim (1-2a og 2b)
- Tiltakshavar: Stiftelsen Bryggen
- Utførande: Stiftelsen Bryggen og dels Gamle3hus A/S (kun passasje bygning 1-2a)

Arbeidet omfatta utreinsking og tilkomst i dråpefall mellom 2a og 1-2a, reparasjonsarbeid, refundering for svalgangsstolpar mot Bredsgården, oppretting av bygning 2b og tilstandsdokumentasjon. Deretter blei det utført vidare sikringsarbeid i gjennomslaget i bygning 1-2a og i dråpefallet mellom bygning 1-2a og 2a.

Bygning 1-2a

Askeladden-ID 86010-15. PB-201.1

Bygningen er ein av bygningane i fronten med svært høg setningshastigheit, opptil 6 mm i året.

I gjennomslaget i første etasje er veggane kledd med kraftige pløgde bord. Mot bygning 1a står det ei stolperække oppunder tømmerkassen i andre etasje. Her var stolpane råteskadd i botn og svillen var særst roten og utan bering. Den gamle svillen blei reven og lausmassar blei fjerna. Det blei lagt ut ein pukkpute med ein ny mellombels svill i 6x8". Stolpane blei mellombels skjøtt ut ved pålasking, ned på svillen. Ytterkledningen blei montert tilbake.

Ved vegg mot sør i gjennomslaget blei kledningen merka og demontert. Her er det ein vanleg lafta vegg i tømmerkassen, med utvendige opplengjarar. Sylstokken var råteskadd i underkant.

Opphengjarane var råteskadd i nedre del. Dei øvre laga av bolverket var enno synleg i form, men med store råteskadar i yteveden. Det blei montert nye mellombelse opphengjarar på utsida av vegg ned på ei ny mellombels svill i botnen. Utvendig kledning blei montert tilbake. Dette arbeidet ble utført av Gamle3hus A/S under tilsyn av Stiftelsen Bryggen.

I dråpefallet mot 2a var dei nedre omfara i tømmerkassen rotne bort. Her blei det lagt ut ei mellombels felles såle med 2a ved ei pukkpute med trykkimpregnert plank på topp. Det blei deretter montert mellombels nye stolpar oppunder tømmerkassen og ned på sålen med om lag ein meter innbyrdes avstand.

Tiltakshavars førebelse evaluering: Sikringstiltaka vil stoppe setningane i øvre deler av bolverket og øvre sjikt av grunnen under nordveggen i gjennomslaget. Men eventuelle råteskader i midtre og nedre del av bolverket inklusive ein eventuell komprimering og/eller forvitring av kulturlag vil halde fram, og bygningen bør settast i stand i løpet av dei næraste tre - fem åra. Bygningen må overvakast nøye og det bør difor settast ut fleire målepunkt på bygningen.

Bygning 2a

Askeladden-ID 86010-7. PB-201.2

I første etasje i tømmerkassen mot dråpefallet mellom 1-2a og 2a, var nesten heile vegg rotne bort. Restane blei fjerna ved utrydding.

Det blei laga ei dør i panelet i trappegangen i første etasje for tilkomst for rydding, sikring og seinare inspeksjon. Etter utrydding blei det lagt ut ein ny mellombels såle i botnen av dråpefallet. I underkant av tømmerkassen blei det montert nye stolpar ned på den nye sålen, men med forsterkingar oppover på vegg for å auke stabiliteten. Med dette er dei setningane som kan observerast i nordre del av fasaden truleg stoppa. Bygningen vil truleg fortsette å søkka noko på grunn av råte i bolverket og eventuelt komprimering og/eller nedbryting i kulturlaga. Bygningen vil framleis bli overvaka gjennom eit eige delprosjekt for setningsovervaking.

Mot passasjen i Enhjørningsgården blei det grave ut lausmassar frå mellomrommet mellom bolverket under 2a og fundamentet under stolperekka i passasjen, for å prøve å oppnå betre lufting i bolverket. ”Grøfta” blei dekt med plank lagt med om lag ein cm avstand som eit sprinkeldekke.

Tiltakshavars førebelse evaluering: Sikringsarbeida har truleg stoppa dei kraftige setningane i nordveggen. Men også denne bygningen vil truleg fortsette å sige som heilskap. Bygningen bør settast i stand i løpet av dei næraste tre – fem åra. Bygningen må overvakast nøye, og det bør difor settast ut fleire målepunkt på bygningen.

Bygning 2b

Askeladden-ID 86010-8. PB-201.3

Fundamenteringa under fasaden mot passasjen var forvittra slik at det oppsto store setningar i midtpartiet med påfølgjande knekking i rammer og bjelkelag.

Fasaden blei stempla av og første etasje blei demontert. Det blei bygd ei mellombels såle av pukk og trykkimpregnert plank under heile fasaden. Hovuddragar under bjelkelag for andre etasje blei mellombels forsterka med underliggjande dragar og ein del av stolpene i første etasje blei fornya.

Også delar av ramma under bjelkelaget for tredje etasje i svalen blei forsterka og nye stolpar sett inn som mellombels forsterking. Panel og portar i første etasje blei montert tilbake. Bjelkelag og golv i sval i første etasje blei mellombels fornya.

I trapp og gang over ventilrommet blei golv demontert for inspeksjon. Det blei sett opp ei mellombels forsterking av stolpen over vegg i bakkant av 1-2a.

Tiltakshavars førebelse evaluering: Dei to øvste laga av bolverket under tømmerkassen ser ut som sunne, det vil seie at det er relativt god vektfordeling på grunnen her. Saman med den mellombelse refundamenteringa av fasaden mot passasjen gjer dette at bygningen vil vere relativt stabil i åtte – ti år framover. Men bygningen må overvakast nøye, og det er difor sett ut målepunkt i første etasje på fasaden mot passasjen. Dette bør ein òg gjere mot Enhjørningsgården.

PB-202 Sikring Bredsgården, bygning 1a

- Eigar og tiltakshavar: Viken Eigedom AS
- Utførande: Laft & Bygg AS

Bygning 1a

Askeladden-ID 86010-1. PB-202

Bygningen er prega av horisontale og vertikale setningsskadar, truleg på grunn av sidetrykk frå bygning i sør, fjerning av opphavlege, tverrgåande lafteveggar og råteskadar i bolverk og bygningskonstruksjon.

Ved inngangsdøra blei jekkepute/vektfordelingsflate etablert for søyler. Vektfordelingsflata blei utført med armert betong mellom eksisterande bolverk. Det blei nytta duk som skilje mellom betong og gammalt materiale og armeringa er utført slik at tiltaket er reversibelt og utan inngrep i eksisterande materiale.

Det blei montert 5x5" søyler med jekkemoglegheiter som understøtte for hovuddragarar. Ei søyle per hovuddragar blei montert innafor inngangsdøra mot vektfordelingsflata.

Dei eksisterande søylene mot hovuddragarar lenger bak i bygningen blei skråavstiva på begge sider i rørsleretninga (mot sjø).

Mot dei to fronthjørna blei det etablert jekkefundament og innvendige og utvendige søyler med jekkemoglegheiter. Før jekkeoppstramming blei det avsett merker på stolper og veggflater etter horisontallinjer slik at stolpar kunne strammast opp utan at veggflater blei heva. Merkinga kan og nyttast ved seinare kontroll av setningar i veggflatene og for seinare ettarjekkning med dei fastmonterte jekkanne.

PB-203 Fellessløyser i fronten

- Eigarar: Fleire eigarar
- Tiltakshavar: Stiftelsen Bryggen
- Utførande: Ekstern handverkar

Dei årlege kontrollane av taka på Bryggen har vist at mest alle sløysene mellom frontbygningane har fall bakover, fordi frontgavlane sig langsammare enn dei bakre delane av desse bygningane. Vatnet renn difor bakover og samlar seg i store dammar bakarst i sløysene i staden for å renne framover og ut i dei store felles avløpskoppane under sløysene i fronten, og det blir lekkasjar i dråpefalla. Dette gjeld sløysene mellom 4a og 5a, mellom 5a og 6a, mellom 6a og 7a og mellom 5b og 6b. Før alle frontbygningane er sett i stand, må sløysene mellombels leggst om. Arbeidet blei planlagt og kalkulert av ekstern handverkar, men utføringa blei utsett til 2011. Tilskotet til tiltaket er overført som øyremerkte midlar.

PB-204 Sikring Bellgården, bygning 7a og 7b

- Eigar og tiltakshavar: Bellgården AS
- Utførande: Gamle3hus AS og Laft & Bygg AS

Det er omfattande råteskadar og setningsskadar i bakkant mellom bygning 7a og 7b. Omfanget på skadane varierer, men enkelte stader er det liten bæring i veggane.

Bygning 7a

Askeladden-ID 87121-1. PB-204.1

Bygning 7b

Askeladden-ID 87121-2. PB-204.1

Bygning 7a og 7b

Det blei etablert fundament for jekkepunkt i dråpefallet og i bygningsskillet mot passasjen. Lause massar blei reinska i dråpefallet og fin pukk bleilaggt på fiberduk i delar av dråpefallet. Ein tilbakeførte delvis utrast stein for punktfundamentering. Ein dobbel 2x8" trykkimpregnert botnsvill blei lagt ned for plassering av jekkepunkt til jekkestolpar.

Tilpassing og montering av stolpar med føringsklossar for utjamning mot veggflater. Alle stolpar er ført samanhengande opp til raftestokk, for overføring av løftekraft til sperrar samt samankopling med sikring på loft.

Montering av horisontal strekk og trykkavstiving i om lag ein – halvannan meters avstand vertikalt. Den horisontale avstivinga strekkar seg over alle jekkestolpane i dei respektive bygningane, med vidareføring rundt hjørnet for samanhold av gavl og langveggar.

Oppmerking, boring og montering av gjennomgåande gjengestag til dei innvendig monterte stolpane.

Innvendig: Merking og demontering av veggkledning, takpanel og golvbord i alle tilstøytende rom med veggflater, i samband med stolpemontering. Montering og tilpassing av stolpar, med utføringar mot ujamningar i veggflater. Alle stolper førast samanhengande gjennom etasjeskiljarar, for uavbroten jekkefunksjon heilt opp til raftestokk på loft. Remontering av innvendige kledningar der dette ikkje kom i konflikt med nymonterte stolpar.

Sikring på loft: Det blei montert ramme/svill på loft om lag ein meter innanfor raftestokk, som vektfordeling for avstemplingsstøtter mot skadde sperrar. Denne strekk seg over heile det sikra området mot dråpefall i bygning 7a.

Jekking: Før jekkeoppstramming blei det avsett merkar på stolpar og veggflater etter horisontallinjer, slik at stolpane kunne strammast opp utan at veggflater blei heva. Merking kan òg nyttast ved seinare kontroll av setningar i veggflatene og ei eventuell seinare etterjekking med dei fastmonterte jekkane som blir ståande som sikring mot vidare sig.

PB-205 Felles brannsikring: Gradvis fornying av sprinklaranlegget på Bryggen

- Eigarar: Alle
- Tiltakshavar og utførande: Stiftelsen Bryggen

På vegne av alle eigarane har Stiftelsen Bryggen fått tilskot til å førebu ei fornying av sprinklaranlegget på Bryggen. Sprinklaranlegget fekk ved førre FG-godkjenning ei langt lågare gradering enn tidlegare, og eigarane blei bedne om straks å planlegge og fornye anlegget. Arbeidet er dreve fram av eit underutval av Sikkerhetsrådet.

Det planlagde arbeidet i 2010 var å oppjustere den digitale kartlegginga samt kartlegge tilstand, få ei fagkunnig utgreiing rundt val av brannslukkingssystem og å utarbeiding og innhenting av anbod på sprinklaranlegg i to typiske bygningar, som eit pilotprosjekt.

Ein 3D-modell av heile anlegget, som syner vertikale og horisontale røyr med dimensjonar og tal på hovud i alle rom i kvar einaste bygning på hele Bryggen, skal teiknast opp i det digitale teikneprogrammet Archi-Cad. Ein forenkla 3D-modell av alle bygningane er ferdig. I ein god del av bygningane er sprinklaranlegget registrert og teikna inn i modellen. Grovt rekna blei om lag 75 % av ferdig i 2010. Resten av tiltaket er no planlagt utført i 2011. Tilskotet for 2010 er overført til 2011 som øyremerkte midlar.

PB-208 Oppretting av bygningar i nordre Bredsgården og sikring av bygningar i Bugården og nordre Bredsgården isb. spuntarbeid

Det blei i 2010 sett av midlar til oppretting av bygningar i Bredsgården som har fått skeivsettingar på grunn av lekkasje i spuntveggen mot SAS-hotellet, samt til sikring av bygningane i nordre Bredsgården og Bugården i samband med tetting av spuntveggen. Under posten PB-208 høyrer difor både eit forprosjekt for justering av skeivsettingar i fleire av bygningane (PB-208.1) og naudsynte sikringstiltak for dei einskilde bygningane (PB-208.2 osb.). Det blei ikkje søkt om tilskot til sikringstiltak for einskilde bygningar.

PB-208.1 Dokumentasjon av dagens situasjon / Forprosjekt for justering av skeivsettingar

- Eigarar: Fleire, men hovudsakeleg Stiftelsen Bryggen
- Tiltakshavar: Striftelsen Bryggen

Stiftelsen Bryggen fekk i 2010 tilskot til å byrje på arbeidet med eit forprosjekt for justering av skeivsettingar. Nærare bestemt blei det gitt tilskot til ei registrering av skeivsettingane, medan resten av arbeidet (skildring av metodar for tilbakejustering og ein kalkyle for ei gjennomføring) med forprosjektet blir avventa til arbeidet med å tette spuntveggen mot SAS-hotellet er avslutta.

Det blei i 2010 nivellert opp tverrsnitt og langsniitt i alle bygningane. Snitta er teikna opp på millimeterpapir og er overført til teikneprogrammet Autocad Light. Det blei starta opp ei visualisering av skeivsettingane med perspektivisk framstilling av snitta.

PB-209 Forprosjekt nye istandsettingsprosjekt

Det blei sett av midlar til inntil fire forprosjekt, som skulle gjennomførast innan midten av oktober. Målet var å velje ut eit nytt istandsettingsprosjekt som kunne ta til i slutten av 2010 eller i fyste del av 2011.

Bygning 2a

Askeladden-ID 86010-7. PB-209.1

- Eigar og tiltakshavar: Stiftelsen Bryggen
- Forprosjektet blei ikkje fullført i 2010. Tilskotet er overført til 2011 som øyremerkte midlar.

Bygning 2d

Askeladden-ID 86010-10. PB-209.2

- Eigar: Margrethe Storheim
- Tiltakshavar på vegne av eigar: Stiftelsen Bryggen
- Forprosjektet blei ikkje fullført i 2010. Tilskotet er overført til 2011 som øyremerkte midlar.

Bygning 7d

Askeladden-ID 87121-4. PB-209.3

- Eigar og tiltakshavar: Bellgården AS
- Utførande: Gamle3hus AS
- Forprosjektet blei ferdig hausten 2010

PB-300 Grunn og Miljøovervaking av grunn Utbetalt: kr. 2.494.375,-

Riksantikvaren var ansvarleg for delprosjekta under PB-300 og for fordelinga av midlar

Hovudmålet er å få stabilisert grunnvatnet langs spuntveggen mellom den gamle delen av Bryggen og nabotomta med SAS-hotellet. I løpet av 2010 blei det utført ni delprosjekter under PB-300, dei fleste var knytt til tilrettelegging og prosjektering for å stabilisere grunntilhøva på Bryggen

PB-301 Tetting av spunt, prosjektering

- Utførande: Statsbygg

Statsbygg blei hausten 2010 engasjert med byggherreansvar for planlegging av tetting av spuntveggen mot SAS-hotellet.

PB-302 Heving av dreisleidning

- Utførande: NGU (hovudansvarleg), Multiconsult og Bergen Bydrift

Dreisleidningen på nordsida av SAS-hotellet som sikrar at garasjen under SAS-hotellet er tørr, skulle opphavleg ligge på kote 0,4 moh. Målingar syner at denne har sege til kote -0,1 moh. Dette medfører at det blir drenert ut meir vatn enn det opphavleg var gitt løyve til.

Det er gitt fagleg råd til Riksantikvaren for gjennomføring av ei auke av dreisnivået under Radisson SAS hotellet. I samråd med teknisk rådgjevar til Vital Eiendom, A. Instanes, kom ein hausten 2010 fram til semje om heving av dreisnivået til kote +0,45 moh. Eit forsøk på å heve dreisnivået blei utført 18.-19. november 2010 i samarbeid med Multiconsult. Forsøket synte at det var ein del lekkasjar i eksisterande dreisleidningar og at hevinga påverka grunnvasstanden i miljøbrønnane langs spunten, samt i og under kulturlaga under Bryggen. Grunnvasstanden steig umiddelbart etter at leidningen blei heva. Dette var i ein periode då det ikkje var nedbør i Bergen, og uavhengig av flo og fjære. Forsøket måtte stoppast etter eit par dagar på grunn av utette dreis- og kloakkleidningar som medførte tilbakeslag av forureina vatn i kummen.

PB-303 Kvalitetssikring av tettølising av spunt

- Utførande: SINTEF

Riksantikvaren har tidlegare fått utarbeidd forslag til tettølising frå Multiconsult og NGU. Riksantikvaren fekk i 2010 kvalitetssikra utgreinga av Sintef, som meiner at ein bør sjå på fleire av dei føreslåtte løysningane for å oppnå ønska resultat.

PB-304 Dråpefall: A) Historisk løysing. B) Handtering av overvatn

- Utførande A) Historisk løysing: NIKU, Stiftelsen Bryggen, Elin Thorsnes arkitektkontor as
- Utførande B) Handtering av overvatn: NGU

A) Historiske løysingar for overvatn dråpefall: Det blei i 2009 starta eit delprosjekt for å få utarbeidd ein rapport over dei arkeologiske og historiske løysingar for handtering av overvatn gjennom dråpefalla ved utløp i fronten. Det blei i 2010 gjennomført møtar mellom Stiftelsen Bryggen og arkitekt Elin Thorsnes (som representant for istandsettingsarbeidet ved Svensgården), NIKU og Riksantikvaren. Elin Thorsnes har arbeidd med dreis- og avløpssystema i Svensgården. Rapportering er forventa ferdigstilt i løpet av 2011.

B) Ny løysing av overvatn dråpefall: Det er utført litteraturundersøkingar og diskutert med Multiconsult og Nationalmuseet i Danmark for å komme fram til den best moglege løysinga for handteringa av overvatn på Bryggen. Resultata vil òg bli nytta ved tilsvarende problematikk elles i landet. Det er tidlegare innleia eit nært samarbeid med VA-etaten i Bergen kommune, samt samarbeidspartnarar i SKINT-prosjektet, vedkomande løysingar for overvatn og drenering (SUDS). Ei utarbeiding av tekniske løysingar for dråpefalla settast til 2011.

PB-305 Frontprosjekt, overføring av data til profilsnitt og arkiv/databasar

- Utførande: NGU

I 2010 er data frå miljøbrønnane (arkeologiske, geokjemiske og geotekniske, samt grunnvasstanden) supplert inn på ein profil utarbeida i 2009.

Uttak, analyse og tolking av vassprøver frå ti brønnar i opptil fem rundar: Dette skulle berre gjerast dersom det blei flaum på fronten i 2010, noko det ikkje blei.

PB-306 Oppgåver knytt til kulturlaga i samband med tetting av spunten

- Utførande: NGU, Nationalmuseum, Multiconsult, NIKU, Bergen Bydrift

Utarbeiding av overvaksingsplan: NGU og Nationalmuseet har utarbeidd ein plan for overvakinga før, etter og under tettinga. Rapport ligg føre.

Hol, Bredsgården: Det er påkravd med metodeutvikling, kunnskapsinnhenting og nyutvikling for overvaking av umetta sone. Det er installert oksygenloggarar i holet, og det er særskild viktig at ein får utprøvd at desse loggarane gir truverdige data. Det finst i dag ikkje betre utstyr til overvaking av oksygen i umetta sone. Ein avventar første rapportering etter installasjonen av loggarane i oktober 2010.

I oktober 2010 blei det gjennomført ei oppgraving av hol frå 2007 som ligg i det absolutt mest kritiske området, kor grunnvatnet har sege med minst to meter og der det skjer ei kraftig nedbryting av dei arkeologiske kulturlaga. Føremåla var fleire: å ta opp og analysere fem sett med moderne prøver som blei lagt ned på ulike djupnar i holet, å installere ei rekke nye sondar og anna måleutstyr og å sjå om ein kunne spore endringar i bevaringstilstanden. Gravearbeidet blei utført av Bergen Bydrift, styrt og overvaka av NIKUs distriktskontor Bergen, medan utstyrsinstallasjonen blei føreteke av Danmarks Nationalmuseum, assistert av personalet frå Multiconsult AS og Stiftelsen Bryggen. Oppgravinga av holet gjekk greitt føre seg, men ein måtte utvide mot nordaust. Det var ikkje mogleg å spore nokre endringar i bevaringstilstanden til dei arkeologiske laga, men det blei oppdaga at steinkjellarfundamentet er støtta av tettsittande trepål, noko som ikkje blei avdekka i 2007. Det blei installert ei rekke sensorar i forskjellige jordlag, og det blir no logga temperatur i ti djupnar, vassinnhald i sju djupnar og oksygen i fjorten djupnar. Vidare blei det teken ut materiale til laboratoriestudier.

Automatisk logging og fjernavlesing: Det blei i 2010 installert automatiske loggarar for overvaking av brønnar i kritiske soner, med fjernavlesing av ti miljøbrønnar for et online overvaksings- og varslings-system. Under forsøket med heving av dreisleidningen var det mogleg å følgje utviklinga av heving av grunnvasstanden i brønnane time for time frå Trondheim (som del av førebuing til tiltak nemnt under PB 301 og PB 302, det ga òg moglegheit for online publisering av måledata). Oppgraving av grøfter for trekkerøyr ved Bergen Bydrift og trekking av leidningar frå loggarar til loggarskap ved Multiconsult.

Oppfølging av tiltaksrapporten: Kvalitetskontrollert av Sintef, jf PB-302.

Vurdering av endringar i kulturlaga som følgje av temperaturauke blir utsett til 2011.

PB-307 Miljøovervaking

- Utførende: Multiconsult, NIKU, Nationalmuseum, NGU

MOV på Bryggen blei etablert i 2002 og gjennomførast uavhengig av andre tiltak på Bryggen. Det er etablert 34 brønner og ein fleirnivåbrønn brønnar på Bryggen (medrekna Dreggen, Schøttstuene, og Øvregaten 19).

Arbeidet i 2010 har bygt vidare på tidlegare års undersøkingar og vurderingar av bevaringsforholda på Bryggen. Ein har prøvd å gjere vurderingane meir samanliknelige ved hjelp av eit indeks for bevaringsforhold (PresCon) som går frå 1 (Elendig), 2 (Dårleg), 3 (Middels), 4 (God) til 5 (Utmerka). Vurderingane er føretekte på forskjellige område på Bryggen, kor til dømes dei djupe jordlaga sentralt under Bryggen har kategori 5 (Utmerket), mens kategori 1 (Elendig) finst til dømes i den umetta sona ved nordre Bredsgården. Dei førebelse vurderingane er samla i Appendix 9 i De Beer & Matthiesen (2010). Målet på sikt er å gjere vurderingane (semi)kvantitative, slik at kvar kategori representerar ei gitt nedbrytingstempo som kan brukast til å estimere ein forventa ”restlevetid” for kulturlaga.

To nye miljøbrønner ved Finnegården: Tidleg i september 2010 blei det installert to nye miljøbrønner – nemna MB34 og MB35 – i den sørlege delen av Bryggen, i nærleik av Hanseatiske Museum. Borearbeidet og uttak av jordprøver til glødetap- og vassinnhaldsanalyse, samt koordinatfesting blei utført av Multiconsult AS, mens NIKUs distriktskontor Bergen var ansvarleg for den arkeologiske undersøkinga samt uttak av jordprøver for geokjemisk analyse ved Nationalmuseet. MB34 ligg rett utafor inngangen til Finnegården, og dei øvste tre metrane besto av massar attfylt i byggegropa for bygningen reist i 1905. Dei kulturlaga som er att var litt i underkant av tre meter tjukke, med berre den nedste meteren frå mellomalderen. Den øvste meteren med kulturlag viste dårleg bevaringstilstand, kan hende som følgje av påverknad frå utsjaktingsarbeidet tidleg på 1900-talet (kan hende òg på grunn av sulfatrikt sjøvatt). Bevaringstilstanden til dei resterande kulturlaga var anten middels eller bra. I MB35 var det litt mindre enn ein meter med moderne massar, medan kulturlaga nådde ein samla tjukkeleik på litt i overkant av tre meter, med dei nedste to metrane frå mellomalderen. Ingen av kulturlaga synte ein bevaringstilstand som kunne nemnast som betre enn middels. Situasjonen her er kan hende påverka av nærleiken til Finnegården 3A, som blei meir eller mindre fullstendig utgraven i 1982 (A. R. Dunlop 2010). For analyse av bevaringsforholda føreligg ikkje rapport enno, då vassprøvene ble tekne i byrjinga av 2011, men den er forventa å vere ferdig i mai 2011.

Schøttstuene/ tre brønner ved spunten: Museet skriv om bevaringsforholda: ”Der er udkommet 2 større rapporter i 2010: Matthiesen (2010a) beskriver forholdene i omkring spunsveggen, baseret på 5 nye miljøbrønde fra 2009 og et review af tidligere resultater og rapporter fra det pågældende område. Rapporten påviser dårlige bevaringsforhold over grundvandsspejlet (fra elendig til middel) og påpeger nødvendigheden af at grundvandsspejlet skal hæves for at forbedre forholdene. Rapportens resultater indikerer desuden at der er et forhøjet vandflow langs spunsveggen, som giver forringede bevaringsforhold – forholdene vurderes til at være dårlige til middel, men det kræver bedre estimerer eller målinger af vandflowet for at foretage en endelig vurdering. Forholdene vil i givet fald kunne forbedres ved at få stillestående vand i kulturlagene.”

PB-308 Diverse FoU oppgaver, rådgjeving grunnvatn

- Utførende: NGU

NGU har jobba med 3D geoarkeologisk modellering ved Bryggen.

PB-310 Kart over setningar og grunnvatn

- Utførande: Multiconsult

Kart er utarbeidd av Multiconsult ved J. A. Jensen.

**PB-400 Kunnskapsinnhenting og overvaking av bygningar
Utbetalt tilskot: kr. 220.000,-**

Riksantikvaren fordelte midlane under PB-400

PB-402 Setningsmålingar bygningar og fundament

- Utførande: ANKO AS, Multiconsult AS og Stiftelsen Bryggen

Delprosjektet blei starta i 1999. Det er over heile området sett ut målepunkt på bygningar og på grunnen. Det gjennomføres årlige målingar med høg nøyaktigheit (+/- 1mm). Målingane blir utført av ANKO AS. Multiconsult AS kvalitetssikrar måleprogrammet og evaluerar rapporteringa.

I 2010 blei det sett ut ein god del fleire målepunkt både på grunnen og på bygningar. Desse er sett ut slik at dei saman med dei eksisterande punkta utgjer eit rutenett i heile området. Av fleire grunnar blei årets måling forseinka. Målingane blei gjort i juni og september, normalt skal dei gjerast i mai/juni. Rapporten blei ferdigstilt i november 2010 og blei oversendt alle involverte partar, inklusive til Multiconsult for kvalitetssikring og evaluering. Multiconsult blei òg forseinka med levering av sin del i 2010. Driftinga av delprosjektet er nyleg overført frå Stiftelsen Bryggen til Riksantikvaren.

PB-406 Måling av mønehøgder

- Utførande: Multiconsult AS

Målingar av mønehøgden skal danne grunnlag for ein plan for alle bygningane som skal settast i stand.

I samband med overvaking av setningane på bygningane, blei det i 2010 gjennomført ei innmåling av mønehøgder på bygningane. Arbeidet blei leda av Multiconsult AS.

PB 500 Fellesoppgåver

Utbetalt og øyremerka tilskot: kr. 1.565.566,-

Midlar til delprosjekta under PB-500 blei dels fordelt av Hordaland fylkeskommune (PB-501 og PB-502), dels styrt frå fylkeskommunen (PB-505), og dels styrt frå Riksantikvaren (PB-504 og PB-506)

PB-501 Driftsoppgåver

- Ansvarleg for tildeling av midlar: Hordaland fylkeskommune
- Utførande: Stiftelsen Bryggen

Stiftelsen Bryggen utførar årleg oppgåver og tenester for alle eigarane på verdsarvstaden Bryggen, til dømes vedlikehald av overflatar i fellesareal, kontroll av alle tak, renner og nedlaup ein gong i året, samt administrasjon av vakthald og av felles låsesystem.

Bakgrunnen for den årlege løyvinga gjennom Prosjekt Bryggen er at det i 1997, før Prosjekt Bryggen var starta, blei inngått ein avtale mellom Stiftelsen Bryggen og Hordaland fylkeskommune om at stiftinga skulle utføre tenester for fylkeskommunen innan ei rekke områder. Nokre av desse oppgåvene blir i dag utført av andre partar eller blir finansiert over andre budsjettpostar enn PB-501. Det er difor ønskeleg å revidere avtalen i løpet av 2011.

PB-502 Materialbank

- Ansvarleg for tildeling av midlar: Hordaland fylkeskommune
- Utførande: Stiftelsen Bryggen

Materialbanken ligg på Kokstad, og leverer salta rundtømmer til bolverk i dei bygningane som settast i stand gjennom Prosjekt Bryggen. I 2010 var det utgifter til leige av lokale, innkjøp av materialar (materialinnkjøp blir fakturert på dei einskilde byggeprosjekta) og til drift.

PB-504 Arkiv

- Ansvarleg for tildeling av midlar/ gjennomføring: Riksantikvaren
- Utførande: LAB - Bergen Byarkiv

Arbeidet blei påbyrja i 2009 og oppdraget blei gitt til Bergen Byarkiv. Hausten 2010 meldte Byarkivet at dei likevel ikkje kunne utføre oppdraget. Bergen kommune ved Johanne Gillow hos Byantikvaren har teke kontakt med Byarkivet for å finne ei anna løysing.

PB-505 Tilstandsvurdering

- Ansvarleg for gjennomføring: Hordaland fylkeskommune
- Utførande: Bygningsverntenesta hos Hordaland fylkeskommune og Systad Konsult As

Målet med ei tilstandsregistrering er at kulturminneforvaltninga skal få eit oversyn over tilstanden til dei bygningane på Bryggen som ikkje er sett i stand og som ikkje er under istandsetting, slik at ein skal ha eit godt grunnlag for å gjere ei langsiktig prioritering og planlegging av istandsettinga. Ei komande prioritering vil då ta utgangspunkt i tilstanden til bygningane, men justerast etter praktiske omsyn og etter prioriteringar frå eigarane.

Hausten 2010 blei 39 bygningar tilstandsregistrert, mellom desse var Sjøstue nummer 1 på Hanseatisk museum, som ikkje inngår i Prosjekt Bryggen fordi bygningen er i offentlig eige. Av dei resterande 38 bygningane som blei tilstandsregistrert var det:

- 12 bygningar som tidlegare (i perioden 1962 – 1997) er sett i stand
- 26 bygningar som ikkje er sett i stand eller ikkje er under istandsetting

Ein vurderte det som naudsynt å også tilstandsregistrere nokre av dei bygningane som tidlegare er sett i stand.

Dei to bygningane som tidlegare er sett i stand gjennom Prosjekt Bryggen og dei ni bygningane som i 2010 var under istandsetting var ikkje inkludert i tilstandsregistreringa i 2010, men vil bli tilstandsregistrert seinare.

Opplysningane om bygningane blei lagt inn i Askeladden, og inkluderte ein grov kostnadskalkyle for kvar einskild bygning. I tillegg blei det utarbeida:

- Ein samla, grov kostnadskalkyle over den naudsynte istandsettinga
- Eit framlegg til prioriteringsliste for istandsetting og mellombels sikring

I prioriteringsforslaget, som saman med den samla kalkylen blei sendt ut til eigarane på Bryggen, konkluderte tilstandsregistratorane med at:

- 20 bygningar kan definerast inn i det dei nemnar ”Gruppe A: Bygningar som på grunn av opprotning av bolverk og siging i grunnen, eller fuktproblematikk har eit akselererande forfall.”
- 9 bygningar kan definerast inn i ”Gruppe B: Bygningar som er stabile men har større skadar og restaureringsbehov”.
- 9 bygningar kan definerast inn i ”Gruppe C: Bygningar som har mindre skadar og små restaureringsbehov”.

I gruppe A er nokre av bygningane i seg sjølv i god stand, men blir definert som å ha akselererande forfall på grunn av store setningar i grunnen. Desse bygningane er i oversiktskartet på neste side markert med ein eigen farge.

I Askeladden er den overordna tilstandsgraden delt inn frå 1 til 3. På dei 38 bygningane blei den overordna tilstandsgraden sett slik:

- 3 bygningar fekk tilstandsgrad 1: ”Ordinært vedlikehaldsbehov”
- 9 bygningar fekk tilstandsgrad 2: ”Moderate utbetringar naudsynt”
- 26 bygningar fekk tilstandsgrad 3: ”Store utbetringar naudsynt”

Tilstandsregistratorane anbefalte vidare ”(...) ein runde med sikring av dei mest utsette bygga i forkant av ei større restaurering. Dette kan frigjera tid og gjer det mogleg å tilpassa rekkjefølgja med ei større istandsetting til ein overordna fornuftig arbeidsrekkjefølgje. Dette kan igjen forenkla istandsettingsarbeida og gje ein meir rasjonell prosess.”

I den vidare prosessen med å få eit samla oversyn, ei prioriteringsliste og ein tidsplan, vil ein ved fleire høve be om innspel frå og diskutere med dei einskilde eigarane på Bryggen.


- Istandsette bygningar 1962-2000
- Ferdig istandsett i PB
- Under istandsetting i PB

Tilstandsregistrering hausten 2010:

- Bygningar med mindre skadar og små istandsettingsbehov
- Stabile bygningar men med større skadar og istandsettingsbehov
- Bygningar med akslerende forfall på grunn av setningar i grunnen
- Bygningar med akslerende forfall på grunn av opprotning av bolverk eller fuktproblematikk

Tilstandsgradar: 1 =ordinært vedlikeholdsbehov
 2 =moderate utbetringar naudsynt
 3 =store utbetringar naudsynt

* Merk at ein dårleg tilstandsgrad ikkje treng bety at ein bygning må settast i stand, men kan vere knytt til tilfelle som ein taklekkasje, branntekniske manglar, insektskadar, manglande kledding mv.



Bryggen

PB-506 Fargeundersøkingar

- Ansvarleg for tildeling av midlar: Riksantikvaren
- Utførande: NIKU

I 1999 starta Stiftelsen Bryggen opp eit program for en systematisk fargeundersøkingar av alle malte og dekorerte flater på Bryggen, med NIKU som konsulent.

For delprosjektet har Riksantikvaren no ein rammeavtale med NIKU, som skal gjere fargeundersøkingar og gje generell rådgiving om fargeval og materialbruk til eigarane på Bryggen. Bestilling og oppfølging ovanfor NIKU skal koordinerast av Hordaland fylkeskommune.

I januar 2010 blei følgjande bygningar fargeundersøkt:

- Bygning 8a. Fasade mot gata. Dei bevarte gamle rammene frå vindaug i andre etasje. Eigar er Stiftelsen Bryggen.
- Bygning 1-2a. Vegg mot aust. Baksida oppover mot passasjen. Eigar er Margrethe Storheim.
- Bygning 1-2a. Vegg og himling i gjennomslag i første etasje. Eigar er Margrethe Storheim.
- Bygning Ba. Første etasje i front og panelt flate første etasje mot nord. Eigar er Stiftelsen Bryggen.
- Bygning 5b. Ei vindaugsramme frå eit gjenbygd vindaug i bakveggen i tredje etasje. Eigar er Stiftelsen Bryggen.
- Bygning 8a og 9a. Vegg mot passasjeåpninga i første etasje. Eigarar er Stiftelsen Bryggen og Holmedalsgården 1 og 2 AS.

PB-700 Formidling og publisering **Utbetalte tilskot: kr. 531.000**

Riksantikvaren var ansvarleg for fordelinga av midlar under PB-700

PB-701 On-site formidling

- Tiltakshavarar: Stiftelsen Bryggen

Stiftelsen Bryggen fekk tilskot til å dekke underskotet i besøkssenteret, som er lokalisert i ”Midtbygningen”, bygning 6-7a. I tillegg til å drive noko sal, ha utstilling av handverktøy og informasjon om Bryggen og istandsettingsarbeida, driftar Besøkssenteret to publikumstoalett.

PB-702 Utstilling Bryggens Museum

- Utførande: Bymuseet i Bergen

Hausten 2010 blei det innleia eit samarbeid mellom Riksantikvaren og Bymuseet i Bergen, Bryggens Museum. I desember 2010 blei det opna ei skjermutstilling som syner ein del foto og animasjonar rundt temaet kulturlaga på Bryggen. Det blei lagt stor vekt på å få fram samanhengane mellom

bygning og kulturlag, som eit samla kulturminne på rot. I samband med utstillinga blei det utarbeida eigen design og logo for Prosjekt Bryggen.

PB-704 Populærvitskapeleg publisering

- Utførande: Bymuseet i Bergen

Ein byrja i 2010 på ein diskusjon med Bymuseet i Bergen, Bryggen Museum om å utvikle ei nettside for Prosjekt Bryggen, med korte skildringar av føremåla, resultat og samarbeidspartnarar/ deltakarar.

PB-800 Administrasjon

Kostnader: kr. 994.099,-

Utgiftene fordelte seg i 2010 på følgjande postar:

- PB-801 Prosjektleiar, HFK
- PB-802 Diverse utgifter, HFK
- PB-803 Seminar/ utvida samarbeidsgruppemøte, RA
- PB-804 SKINT-konferanse, RA
Riksantikvaren og dei norske deltakarane i SKINT-prosjektet arrangerte i juni eit møte og eit internasjonalt seminar kor ein diskuterte ”Placing water earlier in the planning process – a seminar in the context of the Interreg IVB North Sea project SKINT”.
- PB-805 Diverse utgifter, RA

Operativ styringsgruppe for Prosjekt Bryggen i 2010:

Andresen, Kjell (RA)
Christensson, Ann (RA distriktskontor Vest)
Ekerhovd, Per Morten (HFK)
Gillow, Johanne (BK)
Moe, Helene (HFK) – programansvarleg/ prosjektleiar
Schonhovd, Iver (RA) – leiar

Samarbeidsgruppe for Prosjekt Bryggen i 2010:

Andresen, Kjell (RA)
Bjørkhaug, Lasse (Stiftelsen Bryggen)
Christensson, Ann (RA distriktskontor Vest)
Ekerhovd, Per Morten (HFK)
Furru, Stein (BK)
Gillow, Johanne (BK)
Hauge, Kjetil (Bryggen Private Gårdeierforening)
Moe, Helene (HFK)
Moldung, Hanne Merete (RA distriktskontor Vest)
Mørk, Einar (Stiftelsen Bryggen)
Riise, Per Øyvind (Bymuseet i Bergen)
Schonhovd, Iver (RA) – leiar
Skurtveit, Knut (Bryggen Private Gårdeierforening)

Tilskot og kostnader i 2010

Prosj.nr	Delprosjekt	Søkar/ utførande	Utbetalt tilskot/ honorar	Øymerka tilskot overført til 2011	Sum
PB-100	Istandsetting				
PB-102	Holmedalsgården, bygn 8a og 8b	Stiftelsen Bryggen (SB)			
PB-103	Holmedalsgården, bygn 8a og 8b: Branssikring isb istandsetting	SB			
PB-104	Svensgården, bygn 4a-d og 5a-c	Vats AS			
PB-105	Svensgården, bygn 4a-d og 5a-c: Branssikring isb istandsetting	Vats AS			
PB-100 totalt			9 525 000	0	9 525 000
PB-200	Sikring og prosjektering				
PB-201	Sikring Bredgården bygn 1-2a, 2a og 2b	Storheim (1-2a, 2b), SB (2a)			
PB-202	Sikring Bredgården bygning 1a	Viken Eigedom AS			
PB-203	Fellessløyser i fronten	SB, for fleire eigarar			
PB-204	Sikring Bellgården bygning 7a og 7b	Bellgården AS			
PB-205	Branssikring, felles	SB på vegne av alle			
PB-208	Oppretting av bygn i Bugården og nordre Bredgården, og sikring isb tetting av spunt				
PB-208.1	Dokumentasjon av situasjon/ Forprosjekt for justering av skeivsettingar	SB			
PB-209.1	Forprosjekt bygning 2a, Bredgården	SB			
PB-209.2	Forprosjekt bygning 2d, Bredgården	SB på vegne av Storheim			
PB-209.3	Forprosjekt bygning 7d, Bellgården	Bellgården AS			
PB-210	Sikring Holmedalsgården bygning 8e*	SB på vegne av Holmedalsgården AS			
PB-200 totalt			2 424 000	1 128 000	3 552 000
PB-300	Grunn og Miljøovervåking grunn				
PB-301	Tetting av spunt, prosjektering				
PB-302	Heving av drensleidning				
PB-303	Kvalitetssikring av tettelysing av spunt	SINTEF			
PB-304.1	Dråpefall: Historisk	SB/ Vats/ NIKU			
PB-304.1	Dråpefall: Handtering av overvatn	NGU			
PB-305	Frontprosjekt, overføring av data til profilsnitt og arkiv/databasar	NGU			
PB-306	Oppgåver knytt til kulturlaga isb tetting av spunt	NGU/ Nat.mus/ Multicons./ NIKU/ Bergen Bydrift			
PB-307	Miljøovervåking	Multicons./ NIKU / Nat.mus			
PB-308	Diverse FoU oppgåver, rådgjeving grunnvatn	NGU			
PB-310	Kart over setningar og grunnvatn	Multiconsult			
PB-300 totalt			2 494 375	0	2 494 375

(* Tiltaket blei utsett til vinteren 2011 og vil bli nærare omtala i årsmeldinga for 2011.)

Forts. tilskot og kostnader 2010

Prosj.nr	Delprosjekt	Søkar/ utførande	Utbetalt tilskot/ honorar	Øymerka tilskot overført til 2011	Sum
PB-400	Kunnskapsinnhenting og overvaking av bygningar				
PB-402	Setningsmålingar bygn. og fundament	SB			
PB-406	Måling av mønehøgder	Multiconsult			
PB-400 totalt			220 000	0	220 000
PB-500	Fellesoppgåver				
PB-501	Driftsoppgåver	SB			
PB-502	Materialbank	SB			
PB-504	Arkiv	RA/ Bergen Byarkiv			
PB-505	Tilstandsvurdering	HFK/ Systad Konsult AS			
PB-506	Fargeundersøkingar	NIKU			
PB-500 totalt			916 115	649 451	1 565 566
PB-700	Formidling og publisering				
PB-701	On-site formidling	SB			
PB-702	Utstilling Bryggens museum	Bymuseet i Bergen			
PB-704	Populærvit. publisering	Bymuseet i Bergen			
PB-700 totalt			531 000	0	531 000
PB-800	Administrasjon				
PB-801	Prosjektleiar	HFK			
PB-802	Diverse, HFK	HFK			
PB-803	Seminar - samarbeidsgruppe	RA			
PB-804	SKINT-konferanse	RA			
PB-805	Diverse, RA	RA			
PB-800 totalt			994 099	0	994 099
Sum			17 104 589	1 777 451	18 882 040



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Agnes Mowinckels gate 5,
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon 55 23 90 00

www.hordaland.no